



PROESS AS
Brusdalsvegen 20
6011 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune - eigedom 7/12 Detaljregulering for Grebstadlia BU13 Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering av Grebstadlia BU13 – del av eigedom 7/12 i Sykkylven kommune. Planområdet er avsett til bustadføremål i kommunedelplan for sentrum – Iknornes. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustader i form av einebustader, tomannsbustader, firemannsbustader og einebustader i rekke. I tillegg skal det leggestil rette for leikeplass og internveggar. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgende merknader:

Landbruk

Statsforvaltaren trakk tidlegare motsegna til omdisponering av jordbruksarealet på BU13 i kommunedelplan arbeidet. Framleis meiner vi at landbruksinteressene skal ivaretakast i utarbeidinga av reguleringsplan, slik som vi konkret har gjort greie for jamfør utbyggingsområde BU2.

Det må settast føresegn om at matjorda på heile arealet (6 dekar) skal ivaretakast og nyttast til oppdyrking av ei ny fulldyrka mark på dertil eigna areal til ein matprodusent i aktiv drift. Erstatningsarealet skal vere omtrentleg av same i storleik som på BU13. Ein kan vurdere om det skal vere ei ny fulldyrka mark, eller utviding av eksisterande fulldyrka mark. Det skal nyttast gravemaskin til dette arbeidet for å ivareta matjordressursen best mogleg. Kommunen må godkjenne det nye området jamfør gjeldande regelverk.

Det må vidare lagast ei plan for gjennomføring av arbeidet som skal godkjennast av landbruksansvarleg i kommunen, med kopi til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vi ønskjer også å verte varsla når arbeidet på BU13 fysisk tek til.

Tiltakshavar, kommune og entreprenør skal gjere seg kjent med og legge rettleiaren «Jordmassar – frå problem til ressurs» til grunn for planarbeidet og praktisk gjennomføring

<https://vest.nlr.no/media/3235647/jordmasserliten.pdf>

Alle desse momenta må inn i reguleringsplanen og føresegnene. Vi vil vurdere motsegn til ein reguleringsplan som ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til matjorda og bevaring av landbruket si næringsressurs.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det er planlagt å gjennomføre ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Det er allereie i oppstartsmøtet avdekka relevante tema å inkludere i analysen. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggast vekt på gode heilskapelege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

Barn og unge

Plan og bygningslova held i sin formålsparagraf fram prinsippet om at barn og unges oppvekstvilkår skal takast i vare i planlegging og byggesak, jf. § 1-1. Vidare blir det i § 5-1 peika på at kommunane har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev dette, her barn og unge.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge i planlegginga har forankring i § 6-2 i lova, og legg føringar for arbeidet.

Gjennom kommunedelplanprosessen er det sikra konkrete krav til leikeplassar i føresegnene. Vi ser av referatet til oppstartsmøtet med kommunen at forlagstillar ikkje ser for seg at det kan settast av eit areal til kvartalsleikeplass jf. krava i kommunedelplanen, men at storleiken skal kompensrast med å auke kvaliteten på leikeområdet. Eksisterande nærleikeplassar og kvartalsleikeplassar i nærleiken må synleggjerast i planarbeidet, slik at ein gir eit godt bilete om bustadområdet har tilstrekkeleg med eigna areal til barn og unge. Dette må gjerne illustrerast i eit kart som viser avstand til planområdet og storleik og funksjon for dei aktuelle leikeareala. Om det er trygge tilkomstveggar til leikeareala og skule må også synleggjerast. Tal på bueiningar innanfor planområdet og type bustader bør tilpassast tilgjengeleg areal for barn og unge. Statsforvaltaren rår til at ein held seg innanfor minimumskrava som er sett i kommunedelplanens arealdel. Vi støttar forøvrig

kommunens innspel om å gje eit betre tilbod enn minimumskrava til nærleikeplass, det vil vere positivt for barn og unge i området.

Statsforvaltaren har utarbeidd rettleiaren Leikeplassar – lokalisering og utforming, som er å finne på våre heimesider:

<https://www.fylkesmannen.no/contentassets/8e2f8725669247dbaed658540b74a988/oppslag---endeleg-versjon-19-mars-2018---leikeplassrad-2018---fylkesmannen-i-more-og-romsdal.pdf>

Av kapittel 4 i rettleiaren går det fram kva minimumskrav statsforvaltaren vil stille til ein reguleringsplan. Leikeplassar skal sikrast i plankartet. Det må knytast konkrete og eintydige funksjons- og rekkefølgekrav til formålet leik i føresegnene. Krav til storleik og maksimal gangavstand må samsvare med krava i kommunedelplanen. Det må synast i planomtalen i kva grad kravet til kvartalsleikeplassen er oppfylt.

Statsforvaltaren vil vurdere å fremje motsegn om det ikkje blir tatt tilstrekkeleg omsyn til barn og unges interesser i reguleringsplanen.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Sykkylven kommune

NVE vest

Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Fylkeshuset	6404	Molde
Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Naustdalsvegen 1b	6800	FØRDE

Maria Skylstad

Fra: Elisabet Lønset Flemmen <elisabet.lonset.flemmen@mrfylke.no>
Sendt: 08 January 2021 09:16
Til: Maria Skylstad
Emne: Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan Grebstadlia BU13 - del av gbnr 7/12 - oppstart
Vedlegg: Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan Grebstadlia BU13 - del av gbnr 7 12 - oppstart.DOCX; Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan Grebstadlia BU13 - del av gbnr 7 12 - oppstart- kart med omsynssone C (H570).JPG



Møre og Romsdal
fylkeskommune

proESS AS
Brusdalsvegen 20
6011 ÅLESUND

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	26.11.2020	159319/2020/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	07.01.2021

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan Grebstadlia BU13 - del av gbnr 7/12 - oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Vi vil ved offentlig ettersyn ha fokus på kor det er tilrettelagt for barn og unge, og kor planomtalen dokumenterer tilstrekkeleg kvalitet.

Automatisk freda kulturminne

Vi viser til vårt krav om arkeologiske undersøkingar, datert 22.09.2020, samt dykkar tinging 23.09.2020.

Dei arkeologiske undersøkingane vart gjennomført i tidsrommet 6. til 9. oktober 2020. Det blei gjort funn av automatisk freda kulturminne i nordleg del av planområdet. Dei er registrert i kulturminnedatabasen Askeladden, med ID 272227, 272681 og 272234 og er tilgjengeleg gjennom det offentlege kartgrunnlaget. Funna som vart gjort består av restar av fossile dyrkingslag og ei grop med ukjent funksjon. Det vart sendt inn to dateringar. Ei kolprøve teke i kanten av gropa er datert til eldre bronsealder (1773-1627 f.Kr). Eit fossilt dyrkingslag som var synleg i eit søkk i terrenget mot nordvest blei også datert til eldre bronsealder (1418-1264 f. Kr). Lokalitetane som ligg i nordvestleg del av området har størst verneverdi. Det siste fossile dyrkingslaget mot nordaust vart ikkje datert, men det er også truleg frå same periode. Vi ber om at kulturminna blir lagt inn med omsynssone D (H730) og C (H570). Det bør regulerast som grønt område med moglegheiter for leik.

Det må utformast reguleringsføresegner som tilseier at området inneheld automatisk freda kulturminne. Eventuell dispensasjon frå føresegnene må godkjennast av rette antikvariske mynde, fylkeskonservatoren.

Her ber vi om at følgjande tekst vert sett inn:

Omsynssone D (H_730): «Området inneheld automatisk freda kulturminne. Den naturlege vegetasjonen skal takast vare på og haldast i hevd slik området ligg i dag. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme det freda kulturminne og dets verneområde eller framkalle fare for at det kan skje, jf.

Kulturminnelova § 3. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»

Omsynssone C (H_570); «Gjeld omsynssone (vernesone) rundt automatisk freda kulturminne. Innanfor området skal den naturlege vegetasjonen takast vare på og haldast i hevd slik området ligg i dag. Det er ikkje høve til å sette i gong med graving eller andre tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme verneområde eller framkalle fare for at det kan skje. Eventuelle tiltak må godkjennast av rette antikvariske mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.»

Dersom det er ønskeleg å skilje ut område der ein kan sette opp til dømes leikeapparat, benkar og sandkasse, må ein finne område der det ikkje er registrert automatisk freda kulturminne. Eg legg ved ei karts-kisse som viser forslag til omsynssone C og område for leikeapparat. Leikeområdet med leikeapparat må ha egne føresegner.

Viss det ikkje let seg gjere at desse kulturminna kan liggje i vern så må det søkjast om dispensasjon om løyve til inngrep frå kulturminnelova. Då må kulturminna merkast som RpBo-område (merka #1) i planen, med tilhøyrande føresegn. Vi vil ta stilling til dispensasjonssøknad ved offentleg ettersyn. Det vil då også bli tatt stilling til eventuelle vilkår knytt til dispensasjon frå kulturminnelova.

Ved spørsmål ta kontakt med arkeolog Susanne Busengdal.

KONKLUSJON

Ber om at merknadane ovanfor blir tatt med i det vidare arbeidet med reguleringsplanen.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Susanne Busengdal tlf. 71 28 02 75

Kopi:
Sykkylven kommune
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

BU 13 GREBSTADLIA



TEGNFORKLARING

- leik
 - omsynssone
- Bygninger**
- FredaBygninger
 - P25_status
 - Ruin eller fjernet objekt
 - SEFFAK-bygg som ikke er omfattet av Kulturminneloven
 - Meldepliktig i NT Kulturminnelovens §25
 - SefrakBygninger
- Kulturminner**
- KulturminneKategori
- Arkeologisk minne
 - Bergkunst
 - Bygning
 - Fortøy
 - Kirke
 - Kulturminne under vann
 - Ruin (middelalder)
 - Teknik/industrielt minne
 - Utønsdamament
- Enkeltminneikoner



Møre og Romsdal
fylkeskommune

proESS AS
Lerstadvegen 540
6018 ÅLESUND

Vår dato: 07.01.2021
Vår ref.: 202015590-2
Arkiv: 323
Deres dato: 23.11.2020
Deres ref.:

Saksbehandler:
Ole-Jakob Sande

NVEs innspill til varsel om oppstart av detaljregulering for Grebstadlia BU13 - Del av gnr. 7 bnr. 12 i Sykkylven kommune

Vi viser til varsel om oppstart datert 23.11.2020. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for både frittliggende og konsentrert boligformål.

Om NVEs oppgaver og sektorinteresser

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (pbl). Forslagstiller har ansvar for at disse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Ved oppstart av planarbeidet anbefaler vi å bruke følgende veiledere og verktøy:

- [Kartbasert sjekklister-NVE-tema](#) – kartbasert veiledning for reguleringsplan.
- [NVEs karttjenester](#) viser informasjon om flom- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVEs veileder 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#) beskriver hvordan interessene bør ivaretas i planen, slik at en unngår innsigelse.
- [NVEs retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplaner](#) beskriver hvilke flom- og skredprosesser som kan utgjøre fare, og hvordan disse farene bør utredes og innarbeides i planen.
- [NVEs sjekklister for reguleringsplan](#) er et nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområder er vurdert og godt nok dokumentert.
- [Miljødirektoratets overvannsveileder](#) gir nyttige tips om overvannshåndtering i arealplanlegging.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



- [Klimaservicesenteret/klimaprofilene](#) gir et kortfattet sammendrag av dagens klima, forventede klimaendringer og klimautfordringer.
- [De Statlige planretningslinjene for klima og energiplanlegging og klimatilpassning](#) av 28.09.2018 gir føringer for hvordan kommunene skal ivareta klimaendringer i planleggingen.
- For vurdering av overvann kan også følgende [publikasjoner fra Norsk Vann](#) være aktuelle. Norsk Vanns veileder A162 – «*Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering*» og Norsk Vanns rapport B22 - «*Vann og avløp i arealplanlegging og byggesaksbehandling*».
- Flere nyttige veiledere og verktøy finnes på www.nve.no/arealplan.

Konkret innspill til planarbeidet

Planområdet ligger under marin grense og NGU sitt løsmassekart viser marine avsetninger. I område med marine avsetninger kan det ikke kan utelukkes forekomster av kvikkleire.

I regi av NVE er det gjennomført regional kvikkleirekartlegging i Sykkylven kommune. I [rapporten](#) er planområdet vurdert som aktsomhetsområde for marin leire, men ligger utenfor areal som er vurdert som aktsomhetsområde for områdeskred av kvikkleire. Der er vurdert at fare for områdeskred ikke er reell, men det kan likevel være utfordringer med lokal stabilitet i byggegrunnen. NVE anbefaler at ansvarsområdet geoteknikk (RIG) er belagt i forbindelse med alle byggesaker. I reguleringsplanen anbefaler vi at bestemmelsene har et generelt krav om slik ansvarsrett, alternativt at aktsomhetsområdet for marin leire blir regulert med bestemmelsesområde (#) med tilsvarende krav.

I regi av NVE er det gjennomført skredfarekartlegging i bratt terreng for Sykkylven kommune, jf. faresonekart på [NVE Atlas](#). For det varsla planområdet er det kartlagt skredfare med årlig sannsynlighet større enn 1/5000. NVE anbefaler at fareområdet reguleres med hensynssone *Skredfare H310* med tilhørende bestemmelse som setter krav om tilstrekkelig sikkerhet før utbygging, jf. sikkerhetskrava i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Dersom det er behov for sikringstiltak eller restriksjoner på arealbruk for å oppnå tilstrekkelig sikkerhet, anbefaler vi til at det aktuelle området vert tatt med i planområdet.

Aktsomhetskartet for flomfare, jf. [NVE Atlas](#) viser potensiale for flom med en maksimal vannstandstigning på 1,65 m langs bekken gjennom planområdet. I arbeidet med Risiko- og sårbarhetsanalysen (ROS) må reell fare for flom og erosjon avklares, og tilstrekkelig sikkerhet må sikres i plandokumenta. Generelt gjelder at areal som er utsatt for flomfare ved 200-års flom skal reguleres med hensynssone *Flomfare H320* med tilhørende bestemmelse som setter krav om tilstrekkelig sikkerhet før utbygging, jf. sikkerhetskrava i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Alternativt kan det reguleres byggegrense mot bekken som sikrer tilstrekkelig sikkerhet.

Dersom det er fare for erosjon langs bekken skal det være en sikkerhetssone mellom bygninger og toppen av løsmasseskråninga over elva som er minst like brei som høyden fra elva og til toppen av skråninga. Avstanden må være minst 20 m, jf. prinsippskisse for erosjonssikker plassering av byggverk i veiledningen TEK17 § 7-2 fjerde ledd.

Ta hensyn til forventa klimaendringer

[Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) ble vedtatt 28.09.2018. I planretningslinjene står det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet er forberedt på, og



tilpasset klimaendringene. Vi anbefaler at dere gjør dere kjent med innholdet i planretningslinjene og sikrer at arealdisponeringa tar hensyn til et klima i endring.

Fakta arket [«Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen»](#) gir en kort beskrivelse av hvordan hensyn til klimaframskrivninger kan innarbeides i arealplaner.

Hvilke endringer i klima er forventet

Norsk klimaservicesenter har utarbeidet [klimaprofil for Møre og Romsdal fylke](#). Vi anbefaler at kunnskapen klimaprofilen gir om forventet klimaendringer blir lagt til grunn i planarbeidet.

Utbygging kan gi problem med overvann

På generelt grunnlag viser vi til at utbygging av naturområde med harde flater kan få konsekvenser for avrenningsforholda. Planarbeidet må ha søkelys på sikker håndtering av vann og overvann. Mer utbygging i nedbørfeltet gir økt andel tette flater. Dette bidrar til raskere avrenning og større mengder vann på terrengoverflaten (overvann). Økningen kan føre til oversvømmelser i byggeområdene og flom i vassdragene. Det er viktig å være oppmerksom på at ny utbygging også kan blokkere avrenningen ovenfra, som igjen kan føre til skader på selve bygget eller lede overvannet i uønsket retning. Økosystem som eks. flomskog, myrer og våtmarker har en flomdempende funksjon som bør bevares i størst mulig grad. Dersom omgivelsene og/eller resipienten ikke har kapasitet til å ta imot økt avrenning, må det planlegges kompensierende tiltak i nedbørfeltet. Klimaendringenes påvirkning på avrenningen i byggeområdene må også avklares. Dette må gjøres tidlig i planprosessen slik at det blir satt av tilstrekkelig areal før bygninger og infrastruktur planlegges. Se ellers informasjon om overvann på www.nve.no/hydrologi/urbanhydrologi.

Hensyn til vassdrag

Ifølge vannressurslova (vrl) § 11 skal det langs bredden av vassdrag med årssikker vannføring opprettholdes et avgrensa naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning og gir leveområde for planter og dyr. Bredden på vegetasjonsbeltet kan fastsettes i reguleringsplanen.

Dersom planen innebærer inngrep i vassdraget må det gjøres rede for om det er knyttet allmenne interesser til vassdraget, og hvordan inngrepet påvirker disse interessene. Eksempel på allmenne interesser er fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, hensyn til kultur og landskap, jordvern, omsyn til flom og skred osv. Det bør også gjøres greie for eventuelle kompensierende tiltak for å redusere konsekvenser for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikke trenger særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming forutsetter at planen gir en god beskrivelse av tiltaka og at konsekvensene for allmenne interesser er vurdert.

Hensyn til energianlegg

Høyspentledningen som krysser deler av planområdet er en del av distribusjonsnett. Mindre kraftledningsanlegg omfattet av områdekonsesjon faller innenfor virkeområdet til pbl og kan settes av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.

NVEs oppfølging av planarbeidet



I plandokumentene må det gå tydelig fram hvilke vurderinger som er gjort og hvordan de er innarbeidet i planen. **Alle relevante fagutredninger innen NVEs saksområder må være vedlagt.** Vi ber om at alle plandokumenter sendes elektronisk til NVE.

NVE vil prioritere å gi innspill og uttalelser til reguleringsplaner der det bes om faglig bistand til konkrete problemstillinger. Dette fremgår av [brev til kommunene 29.09.2017 om NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen](#).

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområder

Med hilsen

Siss-May Edvardsen
fung. regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
SYKKYLVEN KOMMUNE



Statens vegvesen

proESS AS
Brusdalsvegen 20
6018 ÅLESUND

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
20/230708-2

Deres referanse:

Vår dato:
10.12.2020

Uttale til varsel om oppstart med detaljregulering Grebstadlia BU13 – Sykkylven kommune

Vi viser til oversendelse datert 23.11.2020.

Statens vegvesen er vegadministrasjon for staten på riksveger. Det innebærer at vi har ansvaret for å forvalte, planlegge, utvikle, drifte og vedlikeholde vegene på en optimal måte for brukerne og samfunnet for øvrig. Vi er også sektormyndighet på vegne av Samferdselsdepartementet. Gjennom sektoransvaret skal vi bidra til oppfølging av statlig politikk på hele det offentlige vegnettet, herunder veger der andre enn staten har vegmyndighet. Sektoransvaret omfatter blant annet trafikksikkerhet, kollektiv, gange, sykkel, universell utforming og samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging og klima.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for frittliggende og konsentrert boligformål. Området er satt av til boligformål (BU13) i kommunedelplanen for Sentrum – Ikornes.

Statens vegvesen har ut fra vårt ansvarsområde følgende merknader

Så lenge det planlegges i samsvar med bestemmelser og retningslinjer i kommunedelplanen for planen har vi ingen merknader til at det startes reguleringsplanarbeid her.

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Kopi

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

SYKKYLVEN KOMMUNE, Kyrkjevegen 62, 6230 SYKKYLVEN